



Innhold

1. Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune	2
1.1 Forankring og formål for kultur- og idrettstilskot – <i>Kultur som drivkraft</i>	2
1.2 Føresetnader	2
1.3 Føresegn	2
1.4 Vurderingskriterium.....	2
1.5 Handsamingstid, vedtak, klage og utbetaling	3
1.6 Generelle plikter for tilskotsmottakarar	3
2 Tilskotsordningar kultur og idrett	5
Driftstilskot til idrettslag, skyttarlag og friluftsansisasjonar	5
Driftstilskot til større idrettsanlegg eigd av idretts- og skyttarlag.....	6
Prosjektilskot til idrettsformål	7
Tilskot til friluftslivstiltak	8
Tilskot til arrangement og arrangørar.....	9
Prosjektilskot til kunst- og kulturformål.....	10
Arbeids- og etableringsstipend – kultur og idrett	11
Driftstilskot til korps og kor.....	13
Driftstilskot til andre kulturorganisasjonar.....	14
Tilskot til verneverdige kulturminne.....	15
Tilskot til mindre tiltak i lokale kulturbygg og -lokale	16
Fleirårleg driftstilskot.....	17
Ungdomsmidlar	18



1. Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune

Vedtatt av Alver kommunestyre 31.10.2024

1.1 Forankring og formål for kultur- og idrettstilskot – *Kultur som drivkraft*

Alver kommune sine tilskotsordningar står i høve til vedteken kulturpolitikk i *Kultur som drivkraft* – kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit 2023- 2035.

Gjeldande retningslinjer er reviderte (2024) i tråd med planens målsetjingar og formål.

1.2 Føresetnader

1. Retningslinjene er styrande for tildelingar av tilskot til kultur- og idrettsformål i Alver kommune.
2. Økonomiske rammer for ordningane vert sett i kommunen sitt økonomiplan- og budsjettvedtak.
3. Tilskota vert vedtatt i tildelingsutvalet, eller løpande.
4. Fleirårlege driftstilskot vert vedtatt i kommunen sitt økonomiplan- og budsjettvedtak.
5. Alver idrettsråd og Alver kulturråd er høyringspart for tildelingane.
6. Søknadsfrist er 15.november og 15.april. Ordningar med løpande eller andre fristar er nærmare spesifisert.

1.3 Føresegn

1. Søkjarar må vere heimehøyrande i Alver kommune om ikkje anna er spesifisert ved den einskilde ordning. Unntak kan gjerast etter særskild vurdering, til dømes knytt til oppfylling av lokale kulturpolitiske målsetjingar eller etablering av nye tilbod.
2. Krav om rapportering og naudsynpte vedlegg er spesifisert ved den einskilde ordning
3. Tildelt tilskot skal som regel brukast i same rekneskapsår som tildelinga.
4. Alle som mottok tilskot må godta ordning med følgjekort.
5. Retningslinjene er generelt gjeldande for eingongstilskot når det gjeld økonomiforvaltning, kontroll og dei generelle pliktane for tilskotsmottakaren.

1.4 Vurderingskriterium

1. Alle søknadar om tilskot vert vurdert opp mot målsetjingar og formål i *Kultur som drivkraft*, kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035.
2. Tilskot vil som regel dekke maksimalt 50% av utgiftene til søkeren. Gjeldande rekneskap og/eller budsjett for prosjektet vert lagt til grunn.
3. For prosjekt/tiltak kan verdien av eigeninnsats, dugnad og material reknast som del av finansieringa. Verdien av eigeninnsats og dugnad vert sett til kr 350 i timen, men eit tilskot vil ikkje vere større enn faktiske utgifter ved tiltaket.
4. Tiltak som er starta opp og/eller der utgifter er påløpt før vedtak kan ikkje få tilskot.



5. Tilskot vert berre gitt til hovudlag/sentralt styre, dersom søkjarorganisasjonen har undergrupper.
6. Ufullstendige søknader, søknader som kjem inn etter søknadsfristen, og søknader som fell utanfor retningslinene for ordninga, vil utløyse avslag på søknaden.
7. Søknadar må sendast inn på rett skjema.

1.5 Handsamingstid, vedtak, klage og utbetaling

For frist 15. november vert vedtak gjort innan 15. februar. For frist 15. april vert vedtak gjort innan 1. juni. For løpande ordningar vert tildeling gjort minst ein gong i månaden.

Vedtak er delegert kommunedirektøren, og gjerast i *tildelingsutvalet* med unntak av tilskot til friluftslivstiltak som vert gjort løpande. *Tildelingsutvalet* er sett saman av leiar for kultur og idrett, samt minimum fire fagpersonar med relevant fagkompetanse for ordningane, utpeikt av kommunedirektøren. Vedtak vert sendt politisk hovudutval for kultur og idrett til ettersyn og orientering.

Ungdomsrådet vedtek tilskot ved *Ungdomsmidlane* og handsamar søknadar i kvart ordinære møte.

Vedtak vert sendt ut skriftleg til alle søkjarar, til offentleg registrert adresse.

Klagefrist er tre veker frå vedtak er motteke. Klagen må grunngjevast, og skal sendast til Alver kommune. Klager vert handsama i politisk hovudutval for kultur og idrett.

Utbetaling vert gjort direkte i etterkant av vedtak, og til opplyst konto i søknaden. Nokre ordningar har utbetaling i etterkant av innsendt rapport. Dette er opplyst ved gjeldande ordningar.

Det vert opplyst om tilskotsordningane i alle relevante kanalar i god tid før frist.

1.6 Generelle plikter for tilskotsmottakarar

Følgjande gjeld for alle tilskot innan kultur- og idrett i Alver kommune:

Tilskotsmottakaren pliktar å synleggjere tilskot frå Alver kommune.

Tilskotsmottakaren pliktar å varsle Alver kommune med ein gong om det oppstår vesentlege avvik opp mot dei premissa som ligg til grunn for tilskotet. Om tilskotsmottakar ønskjer å bruke tilskotet på andre måtar enn skildra i søknaden utløyser dette krav om ny vurdering og eventuell skriftleg godkjenning av Alver kommune.

For organisasjonar, føretak, selskap og stiftingar skal rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotssummen oppbevarast i tråd med føresegna i rekneskapslovgivinga.

Rapportering



Alle tilskot skal rapporterast for. Manglande rapportering vil medføre at tilskot vert kravd tilbakebetalt. Rapporteringsbehova er nærmare spesifisert ved kvar ordning.

Manglande rapportering for tidlegare tildelte tilskot vil vere avslagsgrunn for nye søknadar.

Tilbakebetaling av tilskot og mislighald

Om tilskotet eller delar av tilskotet undervegs ikkje vert nytta til det gitte formål, kan overskytande midlar verte kravd tilbake.

Ved tilskot som vert utbetalt ved tilsagnet, som skal rapporterast for i etterkant og der utgiftene har vore lågare enn budsjettet, vil dei overskytande midlane verte kravd tilbake.

Om det i ettertid viser seg at tilskotet ikkje er nytta til det gitte formål, vil Alver kommune krevje heile eller delar av tilskotet tilbakebetalt. Dersom tilskotsmottakar har mottatt tilskot på bakgrunn av uriktige opplysningar, kan oppfølging i særlege tilfelle verte vurdert opp mot straffelova §371-372.

Kontroll

Tilskotsforvaltaren kan initiere kontroll med at tildelte midlar vert nytta etter føremåla. Dersom ikkje tilskotsmottakaren rettar seg etter eit slikt initiativ, vil det medføre tilbaketrekking av tilskotet.

Revisorplikt

Tilskot krev berre revidert rekneskap frå autorisert revisor om dette er spesifisert i tilskotsvedtaket/tilsagnsbrevet. Revisorplikt kan utløysast til dømes i samband med større tilskotssummar til større prosjekt, eller der kommunen elles ser det naudsynt.

Dersom tilskotsvedtaket/tilsagnsbrevet spesifiserer revisorplikt skal det sendast inn revisorkontrollert rekneskap for tiltaket/prosjektet/disponeringa av tilskotet i lag med rapporteringa. Rekneskapen skal vere underteikna av tilskotsmottakar og vere kontrollert av statsautorisert eller registrert revisor, eventuelt av kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan.

Anna

Ta kontakt med Alver kommune dersom det er tvil om praktisering av retningslinene.



2 Tilskotsordninger kultur og idrett

Driftstilskot til idrettslag, skyttarlag og friluftsansjoner

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld for idrettslag, skyttarlag og friluftsansjoner og skal støtte oppunder drift og aktivitet. Tildelinga vert basert på medlemstal meldt inn til sentralledd, eller eigne, dokumenterte, medlemstal.

Kven kan søke

Ordninga gjeld for idrettslag under Norges idrettsforbund, skyttarlag under Det frivillige Skyttervesen, eller frivillige ansjoner med friluftsmål.

Søknadsfrist

15.november

Retningslinjer

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Gjeldande rekneskap for ansjonen
2. Årsmelding for ansjonen
3. Budsjett for ansjonen

Om rapportering

Årsmelding og rekneskap for driftsåret skal ettersendast innan 15. november påfølgjande år, anten for seg sjølv eller i samband med ny søknad.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Driftstilskot til større idrettsanlegg eigd av idretts- og skyttarlag

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld større idrettsanlegg for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar, og som idretts- og skyttarlaga eig sjølve. Tilskotet utarbeidast etter eigen poengnøkkel. Ordninga gjeld ikkje for nærmiljøanlegg eller små anleggselement,

Kven kan søkje

Ordninga gjeld idretts- og skyttarlag som eige større anlegg, eller andre ideelt eigde anlegg som driftast av betydeleg frivillig innsats, og med hovudaktivitet konkurransar og trening i regi av idretts- og skyttarlag,

Søknadsfrist

15.november

Retningslinjer

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Gjeldande rekneskap for organisasjonen
2. Årsmelding for organisasjonen
3. Budsjet for organisasjonen
4. Driftsbudsjett og driftsrekneskap for anlegga det vert søkt om

Om rapportering

Årsmelding og rekneskap for organisasjonen, samt driftsrekneskap for anlegga i driftsåret, skal ettersendast innan 15. november påfølgjande år, anten for seg sjølv eller i samband med ny søknad.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Prosjektilskot til idrettsformål

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld idretts- og skyttarlag, og skal støtte utviklingsprosjekt, idrettstiltak og innkjøp av utstyr.

Kven kan søke

Idrettslag og skyttarlag.

Søknadsfrist

15. november og 15. april

Retningslinjer

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
2. Skildring av tiltaket og behov

Om rapportering

Sluttrapport for gjennomført tiltak, inkludert rekneskap, må sendast innan utløpet av tildelingsåret.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Tilskot til friluftslivstiltak

Skildring av ordninga

Tilskotsordninga skal bidra til betre tilrettelegging av turstiar og andre ferdselsårer for friluftslivet i kommunen i tråd med målsetjingane og tiltaka i Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune og Plan for friluftslivets ferdselsårer. Ro- og padledelen.

Kven kan søkje

Privatpersonar, organisasjonar og næringsliv

Søknadsfrist

Løpande

Retningslinjer

Tilskot vert normalt gjeve i form av materialar, gjerdeklyv, grunder eller benkar o.l., eller som refusjon av utgifter.

Det bør liggja føre ein skriftleg avtale med grunneigar der tilrettelegginga skal gjerast. Standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar bør nyttast. Det bør også liggja føre ein avtale om vedlikehald av stien på minst fem år.

Søknaden skal innehalda ei kort skildring av området og behov for tilrettelegging.

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Om rapportering

Etter at tiltaket er gjennomført skal det sendast inn sluttrapport og bilete som viser korleis tiltaket er gjennomført. Om tilskotet er gitt som refusjon av utgifter må kvittering for utgifter sendast inn.

Kontaktinformasjon

kultur@alver.kommune.no



Tilskot til arrangement og arrangørar

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld kultur- og idrettsarrangørar og skal støtte gjennomføring av arrangement og arrangementsutvikling. Døme kan vere festivalar, programmering, konsertseriar, arrangørorganisasjonar, meisterskap, og enkeltstående arrangement og konsertar.

Kven kan søke

Privatpersonar, organisasjonar og næringsliv.

Søknadsfrist

15. november og 15. april

Retningslinjer

Tilskot kan gjevast som reint tilskot eller som underskotsgaranti.

Målgruppa for underskotsgaranti er i utgangspunktet enkeltstående arrangement og konsertar. Underskotsgaranti vil ikkje verte gitt til arrangement som er budsjettert i underskot. Ein garanti gjeld opp til gitt beløp, og sluttavreknast mot faktisk underskot for det omsøkte tiltaket.

Krav til arrangørar av utandørs arrangement, som får tilskot:

- Minimere bruk av eingongsservise og plast
- Bruke produkt som reduserer avfallsmengde og ressursbruk
- Ta i bruk ordningar som minimerer avfall, som pant og liknande
- Kjeldesortering av avfall
- Legge aktivt til rette for bruk av offentleg transport og samkøyring så langt som mogleg

Det vert ikkje ytt tilskot til konsertar, cupar, kampar og liknande som vert vurdert til å vere del av normal kjerneaktivitet.

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
2. Skildring av tiltaket og behov.

Om rapportering

Sluttrapport for gjennomført tiltak, inkludert rekneskap, må sendast innan utløpet av tildelingsåret.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Prosjekttilskot til kunst- og kulturformål

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld aktørar innan kunst- og kulturfeltet, og skal støtte utviklingsprosjekt, produksjonar, kulturtiltak og innkjøp av utstyr.

Kven kan søke

Privatpersonar, organisasjonar og næringsliv

Søknadsfrist

15. november og 15. april

Retningslinjer

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga.

Naudsynte vedlegg

1. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
2. Skildring av tiltaket og behov.

For produksjonsstøtte:

Kunstnarisk CV, distribusjons-/marknadsføringsplan, evt. døme på tidlegare arbeid.

Om rapportering

Sluttrapport for gjennomført tiltak, inkludert rekneskap, må sendast innan utløpet av tildelingsåret.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Arbeids- og etableringsstipend – kultur og idrett

Skildring av ordningane

Ordninga gjeld utøvarar innan kunst, kultur og idrett, og skal støtte høva for å utvikle seg innan sitt felt. Det vert som regel tildelt tre stipend innan kultur og tre innan idrett, Stipenda kan delast opp eller leggst til etter vurdering, og vil som regel ikkje overstige kr 30 000.

Kven kan søke

Idrett:

Arbeids- og etableringsstipend skal gå til idrettsutøvarar, trenarar, dommarar og idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til idrettslivet i Alver. Stipend skal støtte høva for å utvikle seg innan idretten, og prioriterer søkjarar i aldersgruppa 15–26 år.

Ein kan få stipend til deltaking i meisterskap, utstyr, kostnader til trening utanfor kommunen, eigenutvikling og kompetanseauke, og utvikling av lokalt idrettsliv.

Eit stipend vert delt ut på grunnlag av dokumenterte prestasjonar dei siste tre åra og gjennomføringsevne.

Kunst og kultur:

Arbeids- og etableringsstipend skal gå til kunstnarar og kulturutøvarar som er heimehøyrande eller driv verksemd i Alver kommune, som har inntekt frå kunstnarisk, kulturell verksemd eller er under utdanning. Stipend skal stimulere lokal kulturutvikling.

Ein kan få stipend til forarbeid, skiving, forskning, etablering av verksemd, eigenutvikling og kompetanseauke, og utvikling av lokalt kulturliv, kulturtilbod og kulturkompetanse.

Eit stipend vert delt ut på grunnlag av kunstnarisk innhald, gjennomføringsevne og verdi for det lokale kulturlivet.

Søknadsfrist

15.november

Retningsliner

Idrettslag, musikklag og liknande, kan aktivt søkje stipend på vegne av eller i samarbeid med eigne unge utøvarar, dersom utøvaren godkjenner dette.

Retningsliner for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga



Naudsynte vedlegg

Kunst og kultur:

1. Budsjett og finansieringsplan
2. Skildring av arbeidet/prosjektet
3. Kunstnarisk CV og døme på tidlegare arbeid

Idrett:

1. Budsjett og finansieringsplan
2. Skildring prosjektet/tiltaket
3. Idrettsleg CV og dokumentasjon på prestasjonar
4. Skriftleg uttale frå idrettslag og/eller særkrins eller særforbund.

Om rapportering

Sluttrapport for gjennomført tiltak, inkludert rekneskap, må sendast innan utløpet av tildelingsåret.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Driftstilskot til korps og kor

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld for musikkorps, musikklag og kor i Alver kommune, og skal støtte oppunder drift og aktivitet i det frivillige musikkfeltet.

Kven kan søke

Skulekorps, vaksenkorps, musikklag og kor. Barnekorgrupper som er undergrupper av andre organisasjonar, kan i utgangspunktet få tilskot.

Søknadsfrist

15.november

Retningslinjer

Tilskota baserer seg på eit generelt grunntilskot og medlemstal oppgitt til sentralledd, eller eigne dokumenterte medlemstal. Oppdelinga i grunntilskot og medlemstalutrekning kan variere, og skal sikre at mindre organisasjonar får tilskot, samstundes som større organisasjonar får utteljing for medlemstalet og utgiftsnivå. Det vil vere ulik utrekning for barne- og ungdomskorps/-kor og vaksenkorps/-kor.

Utgifter (til dømes for dirigent/instruktør eller liknande) som ligg hos hovud-/sentralledd eller annan organisasjon skal ikkje reknast med.

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Gjeldande rekneskap for organisasjonen
2. Årsmelding for organisasjonen
3. Budsjett for organisasjonen

Om rapportering

Årsmelding og rekneskap for driftsåret skal ettersendast innan 15. november påfølgjande år, anten for seg sjølv eller i samband med ny søknad.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Driftstilskot til andre kulturorganisasjonar

Skildring av ordninga

Ordninga gjeld for frivillige og ideelle organisasjonar innan kulturfeltet, som ikkje er dekt av andre ordningar, og skal støtte oppunder drift og aktivitet.

Kven kan søke

Lag, organisasjonar, stiftingar og AS med ideelle føremål innan kulturfeltet.

Søknadsfrist

15.november

Retningslinjer

Tilskota vil basere seg på aktivitetsnivå, rekkevidde og rolle i lokalsamfunna og nærmiljøa.

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Gjeldande rekneskap for organisasjonen
2. Årsmelding for organisasjonen
3. Budsjett for organisasjonen

Om rapportering

Årsmelding og rekneskap for driftsåret skal ettersendast innan 15. november påfølgjande år, anten for seg sjølv eller i samband med ny søknad.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Tilskot til verneverdige kulturminne

Skildring av ordninga

Ordninga skal bidra til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Alver kommune i privat eige slik at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidige opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Kven kan søkje

Private eigarar av kulturminne, frivillige organisasjonar, lag og foreiningar, anten dei eig kulturminna sjølv, eller forvaltar dei på vegne av andre private eigarar.

Søknadsfrist

15. november.

Retningslinjer

Det kan søkjast om tilskot til faste kulturminne, fartøy og båtar

Kulturminne som er prioriterte i kulturmiljøplanen og verneverdige kulturminne som ligg i omsynssone for kulturminne skal normalt prioriterast ved tildeling.

Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp, lokal tradisjon og i dialog med kulturverntenesta i Nordhordland eller kulturminneansvarleg funksjon i Alver kommune

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
2. Skildring av tiltaket og behov.

Om rapportering

Tilskotet vert utbetalt etter at tiltaket er gjennomført, og Alver kommune har motteke ein kortfatta rapport med bilete, rekneskap og dokumentasjon av kostnader minst tilsvarende tilskotsbeløpet.

Frist for gjennomføring av tiltaket er 1. oktober året etter tilsegn om tilskot.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Tilskot til mindre tiltak i lokale kulturbygg og -lokale

Skildring av ordninga

Ordninga skal støtte oppunder mindre tiltak, oppgraderingar, utskiftingar og innkjøp av utstyr i lokale kulturbygg og -lokale.

Kven kan søke

Ideelle organisasjonar innan kultur- og idrettsfeltet, som eig og driftar kulturbygg eller -lokale i Alver kommune. Kulturbygget eller -lokalet må ha ei aktiv rolle for innbyggjarane i nærmiljøet og kommunen, og ha eit reelt innslag av ålmenne kulturarrangement over tid.

Søknadsfrist

15. november

Særlege retningslinjer

Ordninga støttar ikkje større tiltak, som til dømes påbygg og større rehabiliteringar/vedlikehaldsarbeid

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
2. Skildring av tiltaket og behov
3. Gjeldande rekneskap for organisasjonen
4. Årsmelding for organisasjonen
5. Budsjett for organisasjonen

Om rapportering

Sluttrapport for gjennomført tiltak, inkludert rekneskap, må sendast innan utløpet av tildelingsåret.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Fleirårleg driftstilskot

Skildring av ordninga

Ordninga skal

- a- handsama tilskotsbeløp til aktørar innan kultur- og idrettsfeltet som har samarbeidsavtale eller annan avtale, som skildrar økonomiske tilskot frå Alver kommune.
- b- kunne fordele tilskot etter søknad til aktørar som har behov for føreseielegheit, som ikkje kan søkje etter dette i andre tilskotsordningar i Alver kommune, som har drifta over lenger tid, og som har ein etablert posisjon gjennom si verksemd.

Kven kan søke

Organisasjonar innan kultur- og idrettsfeltet i Alver kommune, eller som har betydeleg aktivitet i Alver kommune. Verksemda skal vere ideell, ha eit tydeleg føremål innan kunst, kultur og idrett, ha eit regionalt nedslagsfelt og tematikk for heile Alver kommune.

Søknadsfrist

15. mai

Retningslinjer

Ein kan maksimalt søkje for fire år. Tilskot gitt over fleire år vert rullert årleg i samband med Alver kommune sin økonomiplan, seinast i desember.

Fleirårlege driftstilskot må vere knytt til verksemda sine egne langsiktige føremål og planar, og grunngjeve i Alver kommune sine kultur- og idrettspolitiske målsetjingar.

Fleirårlege driftstilskot har eit langsiktig og strategisk preg og går som regel til varige føremål.

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Naudsynte vedlegg

1. Gjeldande rekneskap for organisasjonen
2. Årsmelding for organisasjonen
3. Budsjett for organisasjonen
4. Skildring av behovet for eit fleirårleg driftstilskot

Om rapportering

Mottakar av driftstilskot skal rapportere årleg for drifta i påfølgjande år etter dei har motteke støtte, og innan 1. mai. Ved rapporten skal det ligge godkjend årsmelding og årsrekneskap.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no



Ungdomsmidler

Skildring av ordninga

Ordninga skal bidra til at unge kan vere med å betre oppvekstmiljøet i Alver kommune, gjennom arrangement, tiltak og prosjekt som unge sjølve er med å utforme og gjennomføre.

Kven kan søke

Ei gruppe unge, organisasjonar, elevråd, ungdomsklubbstyra. Unge må aktivt delta i søknad og gjennomføring, og minst ein av søkerane må vere under 19 år.

Søknadsfrist

Ordninga har løpande søknadsfrist.

Retningslinjer

Døme på kva som kan støttast er oppstart av nye aktivitetar, innkjøp av utstyr, og utvikling og gjennomføring av arrangement og sceneproduksjon. Tilskota går i hovudsak til formål innan kultur- og idrettsområdet.

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune gjeld generelt for ordninga

Tilleggsinformasjon spesifikt for denne ordning

Til alle søknadar må ein oppgi ein ansvarleg kontaktperson/søklar som er over 18 år. Ungdomsrådet vedtek tilskota, og søknadar vert handsama i førstkommande møte. Ein skal i samband med tiltaket oppgi at dette er støtta av Alver ungdomsråd

Naudsynte vedlegg

Ein må skildre tiltaket, og legge ved eit budsjett som synleggjer kva midlane skal gå til.

Om rapportering

Det er ansvarleg kontaktperson/søklar som har ansvar for at sluttrapport vert sendt inn, innan utgangen av tildelingsåret. Det må følgje eit sluttrekneskap med rapporten.

Kontaktinformasjon for ordninga

kultur@alver.kommune.no